

Uskedalsjenta, Mona Vetrhus, fekk kulturstipend 2006**13.07.2006**

Fredag 21. juni vart Mona Vetrhus saman med Kari Malmanger (Rosendal) og Camilla Fonneland (Sunde) tildelt kulturstipend pålydande kr. 35.000,-

Det er Kvinnherad kommune i partnerskap med 8 verksemder som står bak stipendet.

Mona har studert på forfattarstudiet i Bø og arbeidar no med mastergrad i litteraturvitenskap ved UiB.

Ho har publisert dikt i antologiar og vil no bruka stipendet på å gjera ferdig diktsamlinga si.

Mona har fått god kritikk og vert rekna som ein ny og lovande Sunnhordladsforfattar

Vi gler oss saman med Mona og ventar spent på debutteringa.

Lukka til Mona.

Her er nokre smakebitar av det ho har skreve :

fred

frå auga og arbeidet

tid

til å møte røyskatten

og ørna

eg er liten

du legg deg inntil

det går over

vi har aldri kyssa i ein tom, nedlagt silo

full av leikne kattungar

og gammalt høy

trommeregn på taket
